

INNKALLING TIL MØTE I FORSKNINGS- OG FORMIDLINGSUTVALGET

TYSDAG 29.11.2016 kl 12.15 – 14.00

Stad: Rom 400, HF-bygget

Innkalt: Anne Beate Maurseth (leiar), Thorsteinn Indridason (for Helge Sandøy), Jørgen Bakke (for Henning Laugerud), Christine Hamm, Lars Sætre, Torodd Kinn, Synne Ytre Arne og Sunniva P. Johansen.

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I Godkjenning av innkalling
- II Framlegging av referat frå møtet 5.2.2016 ([lenke til referatet](#))

- 8. Prosedyrar for tilsetjing i stipendiatstillingar – vedtakssak
- 9. Behov for tiltak for økt publisering – diskusjonssak
- 10. Rettleiarforum ved LLE – diskusjonssak
- 11. Rapport frå STIP-HF om rettleiingssituasjonen ved fakultetet – diskusjonssak
- 12. Orienteringssaker
 - a) Open access
 - b) Komitésamansetjing ved innlevering av avhandling
 - c) Registrering av 2016-publikasjonar i Cristin
 - d) Innhenting av årsrapportar frå forskargruppene og samlingane
 - e) Midtvegsevaluering
 - f) Handlingsplan for forskarutdanning –orienteringssak
- 13. Ymse

SAK 8 Prosedyrar for tilsetting i stipendiatstillingar – vedtakssak

Fakultetsstyret vedtok 24.3.2015 nye retningslinjer for framgangsmåten ved utlysing, bedømming og tilsetting i stipendiatstillingar. Retningslinjene er tilgjengeleg på fakultetet si nettside ([lenke til retningslinjene](#)).

Ved LLE har det vorte lyst ut og vurdert søkjarar til ei stipendiatstilling i tråd med dei nye retningslinjene. Dette var ei øyremerkte stipendiatstilling knytt til Språksamlingane. Med få søkjarar innanfor berre eit av fagområda ved instituttet var det relativt lett å følgja føringane som ligg i dei nye retningslinjene. Når det no er lyst ut fire opne stipendiatstillingar med søknadsfrist 15. januar, er det ryddig og nyttig å ha ein godt gjennomtenkt og forankra plan for korleis LLE skal handtera bedømningsprosessen slik at han er i tråd med dei nye retningslinjene, slik at søkjarar innan alle fagområde vert handsama på ein god måte.

Ved tidlegare utlysingar av opne stipendiatstillingar ved LLE har praksis vore at to habile tilsette frå kvart fagområde har handsama søknadane innanfor sitt fagområde og vurdert i kva grad kvar søkjar er svakt støtteverdig, støtteverdig eller klart støtteverdig (ved utfylling av individuelle skjema). Den fakultetsoppnemnde komiteen har deretter gjort ei grundig vurdering og rangering av dei søkjarane som fagmiljøa har vurdert som **klart støtteverdige**. Komiteen har vore sett saman av fire personar; forskingsleiar, ein representant frå faga allmenn litteratur, nordisk litteratur, klassiske fag, norrøn filologi, ein representant frå faga allmenn lingvistik, datalingvistik, nordisk språk inkl. islandsk, norsk som andrespråk og ein representant frå faga kunsthistorie, teatervitenskap, digital kultur.

I dei nye retningslinjene er det lagt opp til at ein overordna sakkunnig komité, utpeikt av fakultet, er ansvarleg for vurdering av alle søknadane. Retningslinjene opnar for bruk av spesialsakkunnige (må formelt peikast ut av fakultetet), men komiteen må likevel stå ansvarleg for vurderinga av kvar ein skilde søkjar.

Sentrale problemstillingar:

- Korleis setja saman komiteen ved LLE? I følgje dei nye retningslinjene skal dekanen peika ut ein sakkunnig komité etter forslag frå instituttet. Komiteen skal ha minst to medlemmer, begge kjønn skal vera representert og det skal «tilstrebes en bred representasjon av instituttets fag i bedømmelseskomiteen». Ved LLE kan dette løysast ved at komiteen vert sett saman av fire personar slik som tidlegare. Forskingsleiar Anne Beate Maurseth vert leiar av komiteen og i tillegg kan det peikast ut tre personar slik som skildra over. På denne måten sikrar me ei representativ spreining på instituttet sine faggrupper.
- Korleis sikra at alle søkjarar får ei god fagleg vurdering? Representantar frå dei ulike fagområda kan trekkjast inn i vurderingsarbeidet, men no som spesialsakkunnige som formelt skal peikast ut på same måte som komiteen. «I tillegg til de ordinære sakkyndige kan

det oppnevnes en eller flere spesialsakkyndige til å vurdere deler av det materiale søkeren har sendt inn. Spesialsakkyndige oppnevnes på samme måte som de ordinære sakkyndige. Vurderingene skal vedlegges den videre saksbehandlingen». Retningslinene opnar for at me ved LLE kan halda fram med praksisen der to habile representantar frå fagmiljøa er involvert i vurderingsprosessen. Skilnaden frå tidlegare er at representantane må peikast ut som spesialsakkunnige av fakultet og bidraga deira skal følgja saka vidare som egne dokument i tillegg til komiteen sine vurderingar.

- Korleis fordela arbeidsoppgåver og ansvar mellom komiteen og dei spesialsakkunnige? I retningslinene vert det lagt vekt på at komiteen skal vurdere kvar einskild søkjar og rangera dei beste søkjarane. «Komiteens leder utformer en uttalelse som inneholder en begrunnet rangering av de beste søkerne. Som vedlegg til uttalelsen følger komiteens vurderinger av de enkelte søkerne på vurderingsskjemaet «Individuell vurdering av søker til universitetsstipend», samt uttalelser fra eventuelle spesialsakkyndige». Det er altså komiteen som er ansvarleg for den individuelle vurderinga av kvar søkjar og dermed må dei spesialsakkunnige sitt bidrag vera noko anna. Det kan vera rimeleg å løysa dette ved at dei spesialsakkunnige vurderer søkjarane si prosjektskisse og i hovudsak tek stilling til vurderingskriterier som prosjektkvalitet, miljøstøtte og etiske aspekt knytt til det planlagde forskingsprosjektet. Ei total vurdering av kvar einskild søkjar og rangering mellom søkjarane vert komiteen si oppgåve.

Forslag til vedtak:

Ved utlysingar av opne stipendiatstillingar ved LLE skal det peikast ut ein overordna sakkunnig komité på fire personar (utpekt av fakultetet etter forslag frå instituttet). I tillegg til forskingsleiar ved LLE (som er leiar av komiteen) skal det peikast ut ein representant frå faga allmenn litteratur, nordisk litteratur, klassiske fag, norrøn filologi, ein representant frå faga allmenn lingvistikk, datalingvistikk, nordisk språk inkl. islandsk, norsk som andrespråk og ein representant frå faga kunsthistorie, teatervitskap, digital kultur. Det kan etter behov peikast ut inntil to spesialsakkunnige frå kvart av fagområda ved instituttet. Dei spesialsakkunnige si oppgåve er å gje ei fagleg vurdering av kvar einskild søkjar si prosjektskisse. Den overordna sakkunnige komiteen gjer ei vurdering av søkjarane, med bakgrunn i bidrag frå spesialsakkunnige, og rangerer dei beste søkjarane.

SAK 9 Behov for tiltak for økt publisering

Et sammenfall mellom en nedgang i publiseringsaktiviteten ved LLE og en omlegging i poengberegningen, som fra 2015 favoriserer forskningssamarbeid og sampublisering, ga store utslag for LLEs vedkommende. Mens så vel UiB som det Humanistiske fakultet fikk en økning i oppnådde publikasjonspoeng fra 2014 til 2015 på henholdsvis 56,3 % og 18,4 %, representerte LLEs resultat en nedgang på 20,8 %. Dette får merkbare konsekvenser ved tildelingen av resultatmidler i 2017.

	Oppnådde poeng i 2015	Endring 2014 - 2015 (prosent)	Andel nivå 1 i 2015 (prosent)	Andel nivå 2 i 2015 (prosent)
Alle universitetene	17 704,7	47,9	76,0	24,0
UiB	3 058,4	56,3	74,5	25,5
HF	442,9	18,4	78,7	21,3
AHKR	173,8	28,0	71,6	28,4
LLE	80,0	-20,8	87,1	12,9
IF	79,8	3,1	84,6	15,4
FoF	44,2	136,7	73,7	26,3
SKOK	10,9	-30,0	67,2	32,8
SVT	28,1	555,9	92,1	7,9
Grieg	26,1	22,3	73,8	26,9

Også andre faktorer enn omleggingen av poengberegningen forklarer utviklingen ved LLE. Flere av instituttets eksterntfinansiert prosjekt er avsluttet uten at nye har kommet til. Særlig postdoktorer og andre midlertidig ansatte forskere på prosjektene, men også stipendiater og prosjektledere, har bidratt med en rekke publikasjoner som har utløst publikasjonspoeng. Svingninger i publiseringsaktiviteten vil forekomme fra år til år innenfor de enkelte fagmiljøene, jf. oversikten nedenfor. Om en ser på resultatene for hver enkelt forsker viser tallene at noen få publiserer mye, mens (for) mange publiserer lite, og kommer over tid ut med et snitt over tid på under 1 poeng. Vi vet ikke om disse publiserer i kanaler som ikke er godkjent som vitenskapelige, eller om de sliter med selve forskningen.

Publikasjonspoeng for LLE 2011 – 2015 fordelt på fagmiljø

	2011	2012	2013	2014	2015, ny	2015, gml
Allmenn litteraturvitenskap	18,7	29,2	23,4	8,7	19,0	19
Lingvistiske fag	10,2	23,43	15,73	12,42	3,4	2,33
Kunsthistorie	25,7	10,8	10,25	12,5	9,1	9,1
Digital kultur	11,7	2	8,7	17,03	8,2	6,35
Teatervitenskap	3,7	4,4	0	1,4	6,4	6,4
Nordisk samlet	49,9	28,13	52,02	42,65	31,13	28,33
Klassiske fag	9,7	6	11,9	6,33	2,89	2,89
LLE samlet	129,6	103,96	122,01	101,06	80	74,4

Et annet forhold som krever oppmerksomhet er at det som publiseres ved instituttet bare i mindre grad imøtekommer aktuelle forskningspolitiske føringer, som målsettingen om å ha 20 % av publikasjonene på nivå 2 (i 2015 var andelen for LLE 13 %), mer samskriving, særlig med utenlandske forskere, og publisering i Open Access.

SAK 10 Rettleiarforum ved LLE – diskusjonssak

Ideen om å etablere eit forum for rettleiarar for ph.d.-kandidatar har vorte lansert ved fleire høve ved LLE. Temaet vart tatt opp i forskarutdanningsmeldingane for 2013 og 2014, og FFU gjorde følgjande vedtak 9.2.2015 (sak7/15 Høyring - Opplæring av rettleiarar innan forskarutdanninga ved HF):

«FFU tilrår at det vert gitt eit opplæringstilbod til rettleiarar i regi av fakultetet og at det vert etablert to rettleiarfora ved instituttet, eitt i språkvitskap og filologi gi eitt i estetiske fag inkludert litteratur.»

FFU vert her bedt om innspel kring form og innhald for rettleiarforum/fora ved LLE.

Vedlegg:

Kompetanse for ph.d. veiledning. Rapport fra arbeidsgruppe for veilederopplæring på ph.d.-nivå ved UiB

SAK 11 Rapport frå STIP-HF om rettleiingssituasjonen for ph.d.-kandidatane ved fakultetet – diskusjonssak

Ph.d-kandidatutvalet ved Det humanistiske fakultet, STIP-HF, gjennomførte hausten 2015 ei spørjeundersøking om rettleiingssituasjonen for ph.d.-kandidatane ved fakultetet. Resultata frå undersøkinga er presentert i rapporten «Hvor fornøyde er ph.d-kandidater på HF med sin veiledningssituasjon». Rapporten vart lagt fram for FFU på fakultetet 24.2.2016 og FFU gjorde følgjande vedtak:

«Forsknings- og forskerutdanningsutvalget tar rapporten til orientering og oppfordrer enhetene til å følge den opp med tiltak som sikrer at alle kandidatene får veiledning av høy kvalitet.»

FFU ved LLE vert bedt om eventuelle forslag til tiltak for oppfølging ved LLE.

Vedlegg:

STIP-HF (2015): *Hvor fornøyde er ph.d-kandidater på HF med sin veiledningssituasjon*

SAK 12 Orienteringssaker

A Open Access

EU-kommisjonen og nasjonale forskningsråd i Europa krever nå at forskningen som de finansierer skal publiseres i Open Access. Begrunnelsen er dels at når det offentlige finansierer aktivitetene skal resultatene være fritt tilgjengelig for alle, dels at forskningen blir mer effektiv når resultater og data blir enklere å få tak i for andre forskere. EU (Rådet) har satt som mål at alle forskningsresultater skal publiseres i Open Access innen 2020. En arbeidsgruppe nedsatt av vårt eget Kunnskapsdepartement har utarbeidet forslag til «Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater», der det blant blir foreslått at publisering i Open Access skal premieres i tellekantsystemet på samme måte som samforfatterskap (ny ordning innført i 2015). Høringsfristen var 1. november. UiB ga i sitt høringsvar, datert 31.10. 2016, prinsipiell støtte til Open Access, men pekte samtidig på en rekke forhold som må avklares Open Access kan bli forskernes førstevalg for vitenskapelig publisering.

Open Access innebærer at forskningsdata og forskningsresultater legges ut på nettet uten tilgangsrestriksjoner, enten ved at vitenskapelige artikler og bøker blir publisert i egne Open Access-tidsskrifter med fri bruksrett for alle, eller ved at forskningsarbeider blir lastet opp og gjort tilgjengelig i åpne publiseringsarkiv, som UiBs BORA. Kravene til kvalitet og fagfellevurderinger er de samme som for tradisjonell, papirbasert publisering. Open Access-publikasjoner er gratis å lese. Kostnadene til redaksjonelt arbeid dekkes inn ved at tidsskriftene enten krever en publiseringsavgift (APC, Article Processing Charge) fra forfatterne (i praksis finansiering over egne fond for Open Access), eller ved at tidsskriftene blir finansiert av institusjonene som de er tilknyttet. Den viktigste søketjenesten for Open Access-tidsskrifter er DOAJ, Directory of Open Access Journals, som inneholder 9000 fagfelle-vurderte tidsskrifter. Langt fra alle av disse er seriøse, flere er opprettet utelukkende av suspekte kommersielle årsaker. Det finnes i dag 51 norske Open Access-tidsskrifter, se www.openaccess.no

Det finnes flere alternativer for Open Access-publisering:

Gull Open Access

Publisering i dedikerte Open Access-tidsskrifter, det vil si tidsskrifter som er fritt tilgjengelige online og dermed gratis for alle som har internetttilgang. Open Access-tidsskriftene utgis gjerne under Creative Commons-lisenser, som gir leserne/brukerne ubegrenset rett til å bruke, distribuere eller reproducere arbeidet, samtidig som forfatterne beholder retten til å bli navngitt som opphavsperson.

Grønn Open Access

Forskningsresultatene blir gjort tilgjengelig på nett gjennom *egenarkivering* i åpne publiseringsarkiv, enten i institusjonelle arkiv ved forskernes egne institusjoner (f.eks. Bora, kan gjøres via CRIstin), eller i sentrale, fagspesifikke arkiv (mest vanlig for økonomi, medisin og realfag). Merk at det er den *godkjente versjonen* (postprint) av artikkelen som blir tilgjengelig, vanligvis sist innsendte manusversjon før publisering. Postprint-versjonen vil innholdsmessig være identisk med den publiserte, men vil mangle formattering, paginering, årgangsupplysninger osv. Noen forlag krever at det skal gå en viss tid (embargoperiode) før en versjon kan gjøres tilgjengelig online.

Hybrid Open Access

De abonnementsbaserte forlagenes tilnærming til Open Access: Forfatterne betaler APC for sine

artikler, og så kan enkeltartikler fra ellers abonnementsbaserte tidsskrift publiseres i Open Access. Dagens publiseringsfond støtter imidlertid *ikke* publisering i hybridtidsskrifter.

Konklusjon: De av LLEs forskere som skal publisere i vitenskapelige tidsskrifter bør undersøke om dette kan gjøres gjennom en av de norske O A-kanalene, eventuelt om de aktuelle papirbaserte tidsskriftene tillater grønn O A-publisering. Utenlandske O A-kanaler bør bare benyttes hvis en er sikker på deres kvalitet og seriøsitet. O A-publiseringa av monografier og antologier virker så langt å være prematurt, men bør selvsagt velges hvis det finnes muligheter for det.

B Komitésamansetjing ved innlevering av avhandling

For å vurdere ei innlevert avhandling set fakultetet ned ein komité på minst tre personar etter framlegg frå institutta. Ved LLE er det bestemt at framlegg til komité skal vera klart når ph.d.-kandidaten leverer avhandlinga si (vedteke i FFU, sak 3/13). Dette for å korta ned tida mellom innlevering og disputas. Ved LLE er det hovudrettleiar som foreslår komité i samråd med fagmiljøet og instituttleiar. Det er viktig å presisera at ph.d.-kandidaten IKKJE skal vera med i prosessen rundt oppnemning av komité. Ph.d.-kandidaten kan gjerne leggja fram namn på personar som kan vera aktuelle å ha med i komiteen, men ph.d.-kandidaten skal ikkje vera involvert i diskusjonar om komitésamansetjing når prosessen med å foreslå komité er sett i gang.

C Registrering av 2016-publikasjonar i Cristin (munnleg orientering v/Håvard)

D Innhenting av årsrapportar frå forskargruppene og samlingane (munnleg orientering v/Håvard)

E Midtvegsevaluering

Alle ph.d-kandidatar ved UiB skal gå gjennom midtvegsevaluering halvvegs i avtaleperioden. Ved HF er midtvegsevalueringa lagt opp slik at ph.d.-kandidat og rettleiar skriv kvar sin rapport som vert tatt opp i eit times langt møte mellom ph.d.-kandidat, hovudrettleiar og ein komité. Retningslinjer for midtvegsevaluering ved HF er presentert på HF si nettside ([lenke til HF si nettside om midtvegsevaluering](#)).

Ved LLE har komiteen for midtvegsevaluering dei siste åra vore sett saman av forskingsleiar og ph.d.-koordinator. Det er ønskjeleg at det vert eit større fagleg fokus i midtvegsevalueringsmøtet og frå 2017 vil komiteen for midtvegsevaluering verta utvida med ein person frå ph.d.-kandidaten sitt fagmiljø. Dette for å sikra at ph.d.-kandidaten får faglege innspel frå sitt eige fagfelt.

F Handlingsplan for forskarutdanning

Universitetsstyret vedtok på møte 25.8.2016 ny handlingsplan for forskarutdanninga for perioden 2016-2022. Handlingsplanen vert lagt fram til orientering for FFU.

Vedlegg

UiB: *Handlingsplan for forskerutdanningen 2016-2022*